



**Lesja
kommune**

Tillating for snøskuterkonsesjon i Lesja kommune

Tillating til ervervsmessig køyring med snøskuter gjeld for 01.01.2025- 31.12.2029. For motorferdsel i verneområde må det godkjennast av vernemyndigheit før ein kan utføre køyring.

Innehavar av konsesjon for leigekøyring må følgje den sentrale motorferdsel lovgivinga (lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 06.10.1977 og forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark på islagte vassdrag av 15.05.1988), og reglane for motorferdsel i forskriftene for verneområde, samt vilkåra for ervervsmessig køyring med snøskuter.

Konsesjonshavar er ansvarleg for all køyring som vert utført, også den som reserve-sjåfør utførar. Brot av regelverk og/eller vilkår lista under kan medføre oppheving av konsesjon.

Køyretillating gjelder ikkje etter 20. april, eller etter 3. dag påske der denne er seinare enn 10.april. For køyring etter denne tida, må det søkast til kommunen i god tid.

Tillating gjelder:

1. Transport av varer og utstyr, normalt ikkje persontransport.
2. Transport av ved.
3. Transport av saltsteinar i regi av det enkelte beitelag.
4. Tilsyn med private hytter etter oppdrag frå eigar.
5. Transport for massemedia på reportasjeoppdrag.
6. Transport av funksjonshemma.
7. Transport med tillating direkte etter motorferdsel lovgivinga.
8. Transport etter dispensasjonar (f.eks transport i verneområde).

Vilkår for køyring:

1. Konsesjon er knytt til èn snøskuter som skal være registrert. Ved skifte av registreringsnummer skal det gis beskjed til kommunen.
2. Konsesjonshavar skal ha og føre køyrebok, der kvart oppdrag vert notert ned før turen startar.
3. Køyrebok skal være med på kvar tur.
4. Ved køyring i verneområde skal eigen køyretillating vere medbrakt.
5. Ved transportoppdrag ut over det som står over, skal køyretillating alltid vere medbrakt.
6. I køyreboka skal det føres opp: År, Dato, sjåfør, start sted, køyring til, tall km, namn på oppdragsgivar, formål med turen, på denne måten:

År	Dato	Sjåfør	Startsted	Kjøring til	Ant. km	Kjøring i verneområde	Eventuell merknad	Underskrift

7. Konsesjonshavar skal rapportere etter endt sesong ved å levere digital køyrebok til Lesja kommune senast 30. mai.
8. Om konsesjonshavar skal køyre for seg sjølv i verneområda, eller til formål som ligger utanfor vilkåra over, eller gratis køyring for andre, skal det søkast til Lesja kommune for kvar enkelt tur. Eigne oppdrag skal også førast i køyreboka.
9. Fjelloppsynsmannen og evt. andre oppsyn (SNO, politi) skal kunne stoppe alle køyretøy for kontroll.
10. Motorferdsel skal gå føre seg aktsam med omsyn til natur, dyreliv og rekreasjon i området.
11. Sjåfør skal inneha førstehjelpskurs, gjennomført kurs skal ikkje vere eldre enn 4 år.

Postadresse:

Besøksadresse:

Org.nr:

Telefon:

Nettside: lesja.kommune.no

E-post:

LEV ANDE
Lesja